

Nr. 1-2013, årgang 48.

# KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg og Fjågesund og Kilen sokn.




Ingunn Belatjønn Dokken er ein av dei som er med på Yngres i Fjågesund. Knut Olav Bjørgaas er på lagsteam frå Kvitsund Gymnas, og hjelper til å arrangera Yngres.

Side 6-7: Les om trusopplæringa i kyrkjelydane.

Side 8: Takk til Jan Einar Eng for lang og tru teneste.





## Kontaktinformasjon

Ansvarleg redaktør:  
Hallvard N. Jørgensen

Bankgiro:  
Kyrkjeblad for Kviteseid,  
3850 Kviteseid  
Kontonr. 2660 10 30615

### Aktuelle adresser:

Kyrkjekontoret i Kviteseid  
Tlf. 35 06 81 31 – Faks. 35 06 81 28  
Adresse: Statens Hus, 3850 Kviteseid  
E-post:  
kyrkjekontoret@kviteseid.online.no

Olav Nordskog  
Kyrkjeverje  
Kontor tlf. 35 06 81 31

Dagfinn Køhn  
Organist  
Kontor tlf. 35 06 81 48

Werner Thorkildsen  
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar

Jan Haugen  
Kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar  
Mobil tlf. 91 12 02 48

Geir Valle  
Sokneprest i Kviteseid og Brunkeberg  
Kontor tlf. 35 06 81 32  
Mobil tlf. 97 15 04 27  
Bustad tlf. 35 05 51 75  
E-post: ge-vall@online.no

Hallvard Nordbø Jørgensen  
Sokneprest i Vrådal, Fjågesund og Kilen  
Kontor tlf. 35 06 81 29  
Mobil tlf. 95 92 29 84  
E-post: hallvardnj@gmail.com

Eilev Erikstein  
Prostidiakon, 3880 Dalen  
Mobil tlf. 91 11 35 80

### Om bladet

Framsidedfoto: Hallvard Jørgensen  
Kyrkjefoto på framsida: Leif Jamtveit og  
Niklas Karlsen  
Utforming: Niklas Karlsen  
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS  
Bladet er trykt på resirkulera papir.

Bidragstatarar i dette nummer: Kjell Arne  
Norum, Hallvard Nordbø Jørgensen, Geir  
Valle, Olav Mosdøl.

# KVA GJER DU VEN

Tekst: Olav Mosdøl

Musikk: Jon Hinna

The musical score is written in G major and 2/4 time. It consists of five staves of music with lyrics underneath. The lyrics are: "Kva gjer du ven når det mot kveld-den stund-ar og tan-ke-pil-en-e når mål-et sitt? Går du som Ju-das inn i mør-ke lun-dar og sel din ven og sel din ven for syl- vet som vart ditt?"

Chords indicated in the score: G<sup>9</sup>, G<sup>3</sup>, G<sup>9</sup>/F<sup>#</sup>, G<sup>9</sup>/F<sup>#</sup>, em<sup>9</sup>, em, em<sup>9</sup>/D, em/D, am<sup>7</sup>, am<sup>7</sup>/D, D<sup>7</sup>, G<sup>9</sup>, G, G<sup>9</sup>, G, G<sup>9</sup>, G, G<sup>9</sup>/F<sup>#</sup>, G<sup>9</sup>/F<sup>#</sup>, em<sup>9</sup>, em, em<sup>9</sup>/D, em/D, am<sup>7</sup>, am/D, D, hm<sup>7</sup>, hm<sup>7</sup>/E, em<sup>7</sup>, am<sup>7</sup>, am<sup>7</sup>/D, D<sup>7</sup>, G<sup>9</sup>, G, G<sup>9</sup>, G.

Kva gjer du ven  
når det mot kvelden stundar  
og tankepilene når målet sitt,  
går du som Judas inn i mørke lundar  
og sel din ven for sylvet som vart ditt?

Kva gjer du ven  
når hanen gjel i otta  
og sviket kløyver gjennom von og tru,  
let du som Peter meisteren bli spotta  
og vinglar i langfredags gråt og gru?

Kva gjer du ven  
når dagen går på tverke  
og uvissa tek bort den gode fred,  
legg du som Tomas hand i sår og merke  
og byter tvil med tru på bøygde kne?

Kva gjer du ven  
når påskesola lyser  
og smeltar isen i ditt tunge sinn,  
kan du som Magdalena håpet hyse  
og helse høgt i glede: Frelsar min!


Olav Mosdøl



## Bispevisitas i Brunkeberg

Den 26. februar var vi så heldige å få besøk av vår nye biskop, Stein Reinertsen. Han deltok fyrst på ei samling i lag med dei kyrkjeleg tilsette i prostiet, på Morgedal Hotell. Deretter var det festgudsteneste i Brunkeberg kyrkje, og her var også både kyrkjekoret og nokre konfirmantar med. Det var godt oppmøte i kyrkja, med folk frå heile prostiet, frå Vinje til Seljord. Etterpå hadde soknerådet i Brunkeberg stelt til flott kyrkjekaffi. Kven er så vår nye biskop Stein? Han

kjem frå sørvest-landet, men vaks opp i Oslo. Han er gift med Marit, som er diakon, og saman har dei tre vaksne barn. Som prest har han mellom anna arbeid i skulelagsrørsla, som sjukehusprest, og som prost. Han er ein imøtekomande og venleg mann med ei varm og tydeleg tru på Jesus. I foredraget som han heldt for dei kyrkjeleg tilsette, understreka han at kyrkja særleg må vere eit fellesskap for dei som slit i livet, og har det vanskeleg. I preika i kyrkja sa han at



Randi Sandland til venstre og Therese Eilefsen til høgre. Biskop Stein i midten.

vårt oppdrag som kristne er lik slagordet til restaurantkjeda Hard Rock Café: "Love all, serve all." Han tok fram Mor Teresa som førebilete for det å bøye seg ned og tene dei menneska som andre kanskje overser eller jamvel avskyr. For Jesus sa: "Det de gjorde mot ein av desse mine minste, det gjorde de mot meg."

Ved helsingane i samband med kyrkjekaffien, takka ordførar Torstein

Tveito for preika, og han understreka at han var glad for den gode relasjonen det var mellom kyrkje og kommune i Kviteseid. Biskop Stein avrunda si eiga helsing med å seie at han hadde særleg to forventningar til kyrkja i Vest-Telemark. For det fyrste at vi var tydelege vitne om den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus. Og for det andre: At vi svarar ærleg når han som biskop spør oss: "Kva vil de at eg skal gjere for dykk?"



Foto: Leif Jantveit



Her ser vi ei av konfirmantgruppene som besøker heimane i kyrkjelyden. F.v. bak: Sølve Slette-meås, Hans Erling Kilen Midtbøen. Framme: Vilde Sollid, Kristian Lauvik Gjelstad.

## Konfirmantar på heimebesøk

I år har konfirmantane vore på besøk heime hjå kyrkjelyden. Dette er ein del av utprøvinga av den nye konfirmantopplæringa. Konfirmantane har vorte delt opp i smågrupper, som så har besøkt ulike heimer i kyrkjelyden. Tilbakemeldingane har vore at samlingane er særst trivelige og vellukka. Det har vore to slike samlingar i vinter. Fire heimer er

involvera i år. På samlingane har dei blant anna lært meir om kva slags bok Bibelen er.



Bildet viser Nina Haugestøl og Elin Dokken.


## Yngres i Fjågesund

Tredjekvar torsdag er det Yngres på grendehuset i Fjågesund. Dette er eit populært tiltak med god oppslutning blant born og unge i Fjågesund og Kilen. Eit team med flott ungdom frå Kvitsund er med som hjelpeleiarar. Vi har det veldig triveleg i lag, og samlingane består vanlegvis av leikar, spel, god mat, song og andakt. Før jol

baka vi også peparkaker, song jolesongar og åt jolegraut. No på nyåret har vi hatt ein utekveld. Då aka vi i kyrkjebakken, før vi grilla pølser og fekk oss varm kakao.



Bildet viser frå venstre: Malin Teigen, Aslaug Gjersund Aasheim, Irene Dokken, Nina Haugestøl, David Asprusten, Bene Jensen, Elin Dokken, Thea Mjaatvedt, Ingunn Dokken, Knut Olav Bjørgeas, Lena Haugestøl, Joel Kristoffer Mjaatvedt.



## Ein prat med Jan Einar

Ein maidaag for 45 år sidan kom Jan Einar Eng til Kviteseid. Året var 1968. Han skulle kome til å setje spor etter seg i bygda. Vi sit heime på kjøkkenet i Granlivegen og let han sjølv fortelje.

Eg er frå Skudesneshamn på Karmøy. Der vaks eg opp så å seie på kaikanten, der barndomsheimen låg. Som ungdom gjekk eg fyrst på Tryggheim folkehøgskole på Jæren. Deretter bar det til Grimstad og handelsskulen på

Drottningborg. Her skjedde det noko avgjerande. Eg bestemte meg for å vere ein kristen. Eg fekk ei ny retning i livet.

Etter handelsskulen gjekk eg eit år på bibelskule på Fjellhaug i Oslo. Det var eit rikt år, eit veldig flott år.

### Til Kviteseid

Eg vart spurt om å vere forkynnar i Misjonssambandet. I staden dro eg til Kvitsund og vart rekneskapsførar og

kontormann. Eg hadde aldri høyrte om skulen før. Likevel var det ikkje tvil hos meg. Då eg høyrde at stillinga var ledig, sto det heilt klart for meg: Dit skal du! Det var merkeleg. Eg vart leidd på ein måte. Det var heilt utruleg for meg. Det var ein fantastisk jobb. Eg vart på Kvitsund i tre år. I denne tida var eg med i det kristne ungdomsmiljøet i bygda. Vi hadde ungdomssamlingar i festsalen på kommunehuset. Det var i dette miljøet eg kom saman med Liv. Vi gifta oss i 1971. Same året gjekk eg inn i forretninga til svigerfar i Nørstrud-bui. Her overtok eg og Liv leiinga gradvis. Vi to var saman om alt. Vi selde klede heilt til vi la ned bui i 1998.

### **Kristen verksemd**

Frå det året eg kom til Kviteseid, vart eg med Dagfinn Tveiten og dreiv sundagsskulen i Morgedal. Det var masse ungar! Eg var med som leiar i tjue år. Samstundes starta Liv og eg eit yngreslag på skulehuset i Dalane. Dette dreiv vi i tolv år.

Ein månad etter at vi gifta oss, fekk Liv meg med på årsmøtet i Indremisjonen, på det gamle misjonshuset. Det var ein liten flokk som brukte å gå der, og dei var oppe i åra. ”Du får overta, du!” sa formannen til meg. Dermed vart eg vald til formann på det fyrste årsmøtet eg tok del i. Noko av det fyrste vi gjorde, var å ta til å fikse opp huset. Nokre år etter flytta ein del familiar frå Kvitsund inn til Kviteseid, og fleire av desse fann plassen sin på Misjonshuset.

I 1978 vart tankane om eit nytt misjonshus nemnt for fyrste gong.

### **Politikk**

Eg kom med i kommunestyret i to periodar for Kristeleg folkeparti, og i fire år sat eg i formannskapet. Det vart ein del komitéar og verv i tillegg. Særleg vil eg nemne Arbeidssamvirket, der eg var styreleiar i nitten år. Det var eit godt samarbeid, og det ga meg mykje.

### **Nytt misjonshus**

Ved valet i 1983 gjekk eg ut av politikken for å gjere ein innsats for eit nytt forsamlingshus. I 1985 fekk vi teikningar frå arkitekten. Det var ein fantastisk fin sommar, og vi sette i gang med gravearbeidet. Vi fekk gratis tømmer i Vrådalen, og vi hadde ein god arbeidsgjeng i skogen. Etter fire år med mykje dugnadsarbeid sto huset ferdig. Det var sånt humør over arbeidet – like til borna som var med og hjalp, dei òg. Eg kan ikkje hugse ein gong då det ikke var greitt. Arbeidet ga oss inspirasjon og glede. Pengane kom etter kvart som vi trong dei. Huset sto gjeldfritt.

Eg står i ei gjeld av takksemd til denne fellesskapen, som eg har fått vere ein del av i 42 år. Eg seier som tidlegare: Lat oss på ny løfte blikket så høgt at vi ser kva som er mogeleg for Gud. Vår visjon på Misjonshuset er å vere med og byggje Guds rike – dels ved å føre dei truande djupare inn i Guds ord og i ein levande fellesskap, og dels ved å

vinne nye menneske for Kristus, både heime i Noreg og ute i verda.

### **Kyrkjeverje**

I 1995 tok eg til som kyrkjeverje. Det passa meg veldig godt. Det var gode utfordringar. Eg fekk prøve noko nytt. Det var ein triveleg plass å jobbe. Ein kan ikkje få det betre enn det. Dessutan liker eg å treffe folk. Vi hadde også eit godt samarbeid med kommunen. Dei siste åra svikta helsa, og eg slutta formelt i arbeidet i fjor.

### **Borna våre**

Liv og eg er glade for dei to borna våre. Det er heilt utrueleg. Gunvor Merethe bur her i Kviteseid. Silje bur i Lier. Ho kom til Fornebu frå Korea då ho var seks månader gamal, og vi tok imot ho der. Og så er vi besteforeldre! No er den fjerde på veg, og minstemann Andreas i Lier vert storebror. Det er fantastisk flott å vere bestefar. Det er mykje å glede seg over då. Det er fint å få følgje med borna. Dei er ei Guds velsigning!

KANO

## **Takk til Jan Einar**

I haust slutta Jan Einar Eng som kyrkjeverje. Fyrste gongen eg møtte han var i 1999, då eg var innoom Kviteseid nokre veker som vikarprest. Eg la merke til at når eg banka på kontordøra hans, så svara han ikkje berre ”ja” eller ”kom inn”. I staden hørde eg det ropte: ”Ja - ja - ja!” Eg høyrer endå tonefallet, muntert og imøtekomande. Dette har for meg vore Jan Einar i ein sum. Det er eit bevisst val han har teke, og det er eit val som spring ut av trua hans.

Jan Einar er ein ukueleg optimist. Når andre seier at det ikkje går, har Jan Einar gong på gong ei tru på at det skal gå bra, og ofte har han fått rett. Hans evne til å vere i forkant og skape kreative og gode løysingar er ein viktig del av dette biletet. Stillinga som kyrkjeverje er ei krevjande og svært mangfaldig oppgåve. Jan Einar hadde

god oversikt. Det var veldig trygt, ikkje minst for Kyrkjeleg fellesråd. Vi ville ha vore hjelpelause utan han. Med sitt venlege vesen har han òg ei evne til å knyte gode relasjonar til folk rundt seg. Jan Einar har vore ein god og dyktig mann for kyrkja. Han har lagt sjela si i arbeidet for kyrkjelydane og for Misjonshuset. Det har vore ei andeleg teneste for han. Misjonshuset ville ikkje ha stått der utan han, og dette har òg kome kyrkjelydane til gode. Han har samstundes vore trufast i kyrkjebenken, og slik har han vore med og bunde bedehus og kyrkje saman. Det er på tide å takke Jan Einar - for heilhjarta innsats, humør og latter, tru og pågangsmot og personleg omtanke og omsorg. Vi ønskjer gode dagar og Guds signing vidare for Jan Einar og for Liv, som har vore hans gode ven og medarbeidar gjennom livet. KANO



## Symbol i kyrkjene

### Påskedag

Dette biletet står på den runde veggen innanfor altaret i Kviteseid kyrkje. Her ser vi Jesus som står opp frå grava på påskedags morgon.

Til høgre er ein av soldatane som skulle halde vakt over grava. Det er ikkje til å undrast over at han ser forskrekka ut!

Til venstre ser vi engelen, han som kort etterpå møtte kvinnene som kom til grava. Kvinnene skjøna ikkje kvifor

grava var tom. Engelen sa: "Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa. Kom og sjå staden der han låg!"

Hendene til Jesus er rakt ut imot oss. Han syner oss at han kallar på alle, og at ingen er utegløynt.

# Prestens hjørne

Mi soknepreststilling i Kviteseid er på 50%. Resten av tida sit eg stort sett i Oslo og studerer – både teologi og filosofi, slik eg har gjort dei siste 10 åra. Ein kan seie at det er som ei slags andeleg, eksistensiell og intellektuell pilegrimsreise. Eg les stadig nye bøker, og freistar å finne gode svar på spørsmål eg tenker på, som har å gjere med trua.

Hadde filosofane Platon og Aristoteles rett – og kan vi i så fall sameine dei med eit kristent livssyn? Kan ein prove at Gud eksisterer, ved hjelp av filosofiske argument? Korleis skal ein tenke om tilhøvet mellom moderne naturvitskap og det kristne livssynet? Korleis skal ein tenke om dei fyrste kapitla i Bibelen, i ljøs av evolusjonsteorien? Kva vil det seie at mennesket har verdi – og korleis grunngjev vi dette? Kva er relasjonen mellom evangelia i Bibelen og ”den historiske Jesus”? Kan ein grunngje Jesu oppstode frå dei døde med historiske argument? På kva måte brukar vi best Paulus’ brev i dagens teologi? Bør lutheranarar framleis avvise den romersk-katolske kyrkja, eller er det på tide å arbeide for einskap no? Korleis gjekk det til at Europa gjekk frå å ha ein kristen einskapskultur, til å bli sekulært?

Har eg funne svar på alle desse spørsmåla? Både ja og nei. Ja: Eg har utvikla meg veldig mykje, og fått veldig mykje relevant kunnskap. Det er også



veldig tilfredsstillande – på sett og vis er det ein måte å kome nærare Gud på, for Gud er opphav for all sanning og godleik. Men eg må også svare nei: Sjølv om eg stadig kjem nærare sanninga om tilveret, har eg ikkje ”kome til botnen” i ting. Nye svar skaper også nye spørsmål, og livssynet mitt er difor i nokon grad under kontinuerleg revisjon. Slik er det å vere pilegrim. Paulus seier det slik: ”No ser vi som i ein spegel, i ei gåte. Då skal vi sjå andlet til andlet.” HNJ

# Oppslagstavla

## Skyss til gudsteneste?

Kviteseid

Ring Hadle og Ragnhild på

tlf. 350 53 784.

## Fest for gullkonfirmantar

Sokneråda i kommunen har vedteke at vi som ei prøveordning skal gå bort frå å halde soknevisse jubileumsfestar for 50-års-konfirmantane, og i staden invitere til ein fest for alle sokna samstundes. Dette svarar også til at konfirmantane høyrde til i ei konfirmantgruppe over soknegrensene for 50 år sidan, og det kan vere like givande å møte att alle, og ikkje bare dei som var busette i eins eige sokn.

Dei einskilde sokna har hatt noko ulik praksis med kor ofte det har blitt invitert til Gullkonfirmantfest, men til festen i år freistar vi å få tak i alle som tidlegare ikkje har fått invitasjon, uavhengig av om det er 50, 51 eller kanskje reint av 52 år sidan konfirmasjonen. I år er det Kviteseid sokn som får hovudansvaret for arrangementet, som er lagd til Misjonshuset i Kviteseid 6. oktober, og konfirmantane i dei aktuelle årskulla vil få eigen invitasjon i posten.

## Bøner

### Noko å takke for:

Kulda og mørkret som slepp taket – og våren som kjem.

Jesu kjærleik - sterkare enn døden.

Mat og klede, hus og heim.

### Noko å be for:


Alle dei som vert misbrukte av andre menneske.


At påskebodskapen må nå inn i stengde hjarto og stengde land.

At alle born må bli sette og verdsette.

For dei som er på flukt.

At kvar og ein av oss kan ta steget fullt ut og følgje Jesus.





*I Kristus, nær livet - ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje.*

(Frå Den norske kyrkja sitt visjonsdokument 2009–2014,  
vedteke av Kyrkjemøtet 2008.)

## Døypte

Kviteseid: Kent-William Jamtveit  
(busett i Skien),  
Magnus Moen  
(busett i Brunkeberg),  
Sigurd Jønholt Metveit.

## Gravlagde

Brunkeberg: Tarald Dalen  
(busett i Kviteseid)

Fjågesund: Agnes Haugan  
(busett i Kviteseid)

Kviteseid: Ragnhild Gotuholt,  
Olav Midtbø  
(gravlagd i Skafså),  
Trygve Snaunes,  
Gudrun Anne Kaasi.

Vrådal: Erna Rigmor Eikland,  
Haldis Sandland  
(busett i Brunkeberg).



# Liste over g aver til Kyrkjebladet

Her fylgjer lista over g aver som er komne inn til Kyrkjebladet i l opet av 2012. Vi kan takke hjarteleg for   ha teke imot kr 23 850 gjennom  ret, og dette set vi stor pris p . Samstundes b r vi nemne at dei totale utgiftene strekker seg til kr 46 000, s  vi manglar over kr 22 000 for   g  i balanse. Dette er ein utgiftspost som tynger budsjettet til kyrkjeverjen, og han vil m tte vurdere om noko kan gjerast med den i framtida.

Vi har ogs  f tt signal om at vi burde slutte med   prente denne lista i Kyrkjebladet. Vi er samde i at ei slik liste utgjer nok ikkje det mest interessante lesestoffet, men det er likevel ein spesiell grunn til at vi held fram med   offentleggjere lista: Det er nemleg den mest effektive m ten vi kan f  sendt kvittering til alle givarane. Alternativet ville vere   sende separat kvittering til kvar einskild, men det ville krevje mykje st rre tidsbruk, og dessutan koste mykje meir i portoutgifter.

A.R. 100; Aab , Hans Kristian 200; Aab , Hans Kristian 200; Aab , Kristine 200; Aab , Kristine 300; Aasland, Jorunn 400; Abrahamsen, Thor Egil 150; Andresen, Aslaug og Birger 200; Anmarkrud, Gunnar 200; Bakken, M og S 200; Belland, Ranveig 200; Berg, Gudbj rg Synn ve 300; Berg, Gudbj rg Synn ve 1000; Berge, Styrk r 250; Berntsen, Gunhild og Johan 200; Blom, Olav 200; Borgejordet, Harald 200; Borgenvik, Tor 200; Brenne, Karin 200; Brokke, Petter 250; Brokke, Tordis 150; Dalen, Klara 200; Dobbe, Gunhild 200; Draugedalen, Jon 200; Draugedalen, Toril V Sn  s 200; Edvard Evja 200; Ettestad, Nils 200; Evja, Edvard 200; Findreng, B 300; Findreng, Jon Inge 200; Fjalestad, Olav 200; Fj gesund, Waldemar 200; Fr myr,

Edmund 150; Gjersund, Mari og Knut 200; Gotuholt, Bjarne 200; Grestad, Bent H kon 500; Groven, Olav 100; Groven, Olav Georg 200; Groven, Olav Georg 200; Guthus, Trond 250; Guttormsen, Olav 200; Hauge, Bodil 100; Haugen, Dagny Briskelid 100; Haugen, Hj rdis og Artur 200; Hauglid, Ingeborg 500; Hovda, Hadle 200; Hustvit, Audhild 200; H tveit, Margareth 100; H tveit, Margareth 200; Ibrekke, Else 200; Jessen, Gunn Kari Fossjord 100; Kalteis, Marit Nordskog 100; Kilen, Ingrid og Hans 200; Kittilsen, John Bernhard 200; Kjeldal, Guro 100; Kleven, Sigrid 200; Knutsen, Sigrid 200; Kolbu, Einar 200; Kr kenes, Maria og Torgeir 200; Ljosland, Irene 200; Mandt, Gunvor 250; Midtb en, Erling 200; Midtb en, Tove 200; Midtsund, Kari Aardalen 300; Moen, Gudny og Tarald 150; Moen, Inger 300; Naper, Harald 100; NN 200; NN 200; NN 200; Noraberg, O og T 200; Nord, Odd Werner 200; Nordskog, Olav 100; Olimstad, Astrid og Jakob 200; Omtveit, Marie 100; Ripegutuu, Oddvar 200; Rogdaberg, Johannes 200; Rogdaberg, Margit og Johannes 300; Roholdt, Hanne 200; Ropstad, Ingebj rg 200; Rosland, Bodil og Inge 200; R ise, Olaug 200; R munddal, Gunnar T 200; R munddal, Marit 200; Sanden, Gudrun H. 150; Skipar, Birger 200; Skogheim, Helge  ystein 200; Sn  s, Asborg og Halfdan 300; Solvang, Anlaug og Ove 200; Straand, Gunnar 350; Strand, Gerd 200; Strandk s, Per Arne 200; St land, Arne 200; St land, Olav 200; Svela, Sigurd 400; Teie, Anna Sanden 200; Torsdalen, Kjetil 200; Tveit, Enok Torleif 200; Urb , Margot Seltveit 500; Vesterdal, Elisabeth 200; Vesterdal, S og O 200; Waldenstr m, Dag 300; Waldenstr m, Inge 200;  stby, Geir Leith 200;  vreb , Ingebj rg Marie 150;  y, Hans 500;  y, Ketil 300;  y, Marit Ims 200.

Returadresse:  
**Kyrkjekontoret**  
**3850 Kviteseid**

# Gudstenester

## MARS

**Sun. 24. Palmesundag Joh. 12,1-13**  
Vrådal kl 11. Valle. Oftr. Barne/ungdomsarb.

**Tors. 28. Skirtorsdag Joh. 13,1-13**  
Kviteseid kl 11. Valle. Nattverd. Oftr. Blå Kors.  
Fjågesund kl 18. Valle. Nattverd. Oftr. Kirkens SOS

**Fred. 29. Langfredag. Luk. 22,39-23,46**  
Brunkeberg kl 11. Jørgensen. Oftr. kyrkjelydsarbeidet.  
Vrådal kl 18. Jørgensen. Oftr. kyrkjelydsarbeidet.

**Sun. 31. Påskedag Joh. 20, 1-10**  
Kviteseid kl 11. Valle. Høgtidsgudsteneste med  
nattverd. Kviteseid kyrkjekor. Oftr. MF.  
Vrådal kl 11. Jørgensen. Høgtidsgudsteneste  
med nattverd. Oftr. NMS.

## APRIL

**Mån. 1. 2.påskedag Joh. 20, 11-18**  
Vesterdal kl 12. Friluftsgudsteneste. Jørgensen.  
Oftr. Kirkens Sos

**Sun. 7. 2.s. i påsketida Joh. 20,24-31.**  
Kviteseid kl 11. Valle. Nattverd.  
Oftr. Dei tre høgskulane.

**Sun. 14. 3.s. i påsketida Mark 6, 30-44**  
Vrådal kl 11. Valle. Oftr. misjonsprosj. i Ecuador.

**Sun. 21. 4.s. i påsketida Joh. 14, 1-11**  
Fjågesund kl 11. Jørgensen. Oftr. kyrkjelydsarbeidet.  
Kviteseid kl 16.30. Jørgensen. Samtalegudsteneste  
konfirmantane. Unge Røyster. Oftr. Acta.

**Sun. 28. 5. s. i påsketida Joh. 17, 6-11**  
Morgedal kl 11. Valle. Familiegudsteneste.  
grendehus Kviteseid barnespel. Oftr. Blå Kors.

## MAI

**Ons. 1. 1.mai Matt. 20,25-28**  
KOS kl 11. Valle. Oftr. Kr. Arb's Forbund.

**Sun. 5. 6.s. i påsketida**  
Vrådal kl 11. Valle. Oftr. Kvitsund gymnas.

**Tors. 9 Helgetorsdag Joh. 17, 1-5**  
Kviteseid kl 11. Jørgensen. Konfirmasjons-  
gudsteneste. Oftr. Barn/ungdomsarbeid  
Fjågesund kl 11. Valle. Konfirmasjonsgudsteneste.  
Oftr. Kirkens Nødhjelp.

**Sun. 12. Sondag før pinse Joh. 16, 12-15**  
Brunkeberg kl 11. Jørgensen. Konfirmasjons-  
gudsteneste. Barne/ungdomsarbeidet  
Vrådal kl 11. Valle. Konfirmasjonsgudsteneste.  
Oftr. Kirkens Nødhjelp.

**Fred. 17. 17. mai Luk. 17, 11-19**  
Kviteseid kl 11. Jørgensen. Oftr. Kirkens SOS Telem.  
Vrådal kl 11. Valle. Oftr. kyrkjelydsarbeidet.  
Fjågesund kl 12.30. Jørgensen. Oftr. Rakel Trovis Stf.  
Brunkeberg kl 13.45. Valle. Oftr. Kirkens Nødhjelp.

**Sun. 19. Pinsedag Joh. 14, 23-29**  
Kviteseid kl 11. Jørgensen. Høgtidsgudsteneste med  
nattverd. Oftr. NKSS.  
Vrådal kl 11. Valle. Høgtidsgudsteneste  
med nattverd. Oftr. Barne/ungdomsarb.

**Mån. 20. 2. pinsedag**  
INGA GUDSTENESTE

**Sun. 26. Treeiningssundag Luk. 24, 45-58**  
Brunkeberg kl 11. Nattverd. Kviteseid kyrkjekor.  
Oftr. Kvitsund gymnas.

## JUNI

**Sun. 2. 2.sundag i treeiningstida Joh. 3, 1-13**  
Kviteseid kl 11. Valle. Oftr. Israelsmisjonen.  
Naturstig ved Trimgruppa i Idrettslaget.

**Sun. 9. 3.s. i treeiningstida Mark. 10, 13-16**  
Vrådal kl 11. Valle. Nattverd. Oftr. Sjømannskrk.

**Sun. 16. 4.s. i treeiningstida Matt. 9, 35-38**  
Friluftsgudsteneste på Åhomstøylen. Oppmøte: Joker,  
Vrådal kl. 1030, så bil til Lønnegraffheia. Valle. Oftr.  
Sjømannskyrkja. Ta med mat.

**Sun. 23. 5.s. i treeiningstida Matt. 18, 12-18**  
Fjågesund kl 11. Jørgensen.